



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ingrid Leirvik Olsen, 5557 2059


Høyring av søknad om anleggsarbeid i sjø - etablering av et nytt bustadområde utenfor Tolo i Norheimsund- Norheimsund Trelasthandel AS- høyringsfrist 23. september 2025

H2 Hardanger AS søker, på vegne av Nordheimsund Trelasthandel AS, om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø for å førebu ei framtidig utvikling av egedomen 32/44 for bustadføremål. H2 Hardanger AS har i den vedlagde søknaden beskriva arbeida, gjort ei risikovurdering av anleggsarbeid og føreslått avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining.

Det skal fyllast ut 21 600 m³ (60 480 tonn) sprengstein frå annan tomt. Steinen skal fyllast frå lekter og frå land. Vassdjup i utfyllingsområdet er 2-7 m. Areal sjøbotn er 3 700 m². Utfyllinga skal fyllast lagvis med fiberduk over eksisterande urørte massar og med poretrykksmåling undervegs. Søker hevdar at utfyllinga er i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Søkar ynskjer å starte arbeida i fjerde kvartal 2025.



Figur 1. Oversiktsfigur over mogleg utfylling.



Figur 2: Situasjonsskart.

Ber om eventuelle uttaler innan 23. september 2025

Statsforvaltaren ber om uttale frå kommune om tiltaka i samsvar med reguleringsplan og evt. andre merknader. Vi ber Bergens sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Sør-Norges Fiskarlag om å vurdere tiltaket av omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Statsforvaltaren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 23. september 2025. Uttaler kan sendes til fmvpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2023/18641.

Søknaden, fleire av søknadsdokumenta og Statsforvaltarens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvaltarens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Ingrid Leirvik Olsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Søknad med vedlegg

Kopi til:

H2 Hardanger AS



Mottakerliste:

Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Bergens Sjøfartsmuseum			
Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN